



Gåsavann II

FLOH 393

A: 0,13 km²

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRAN
i
ROGALAND
1971

Navnet på vatnet Gåsavatnet-Lindelitjernet
Kommune Tysvær

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

G Å S A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 15. september 1971.

Vatnet ligg i Tysvær kommune, med Lammanuten i nord og Bjøllandsfjella i sør-aust, i ei høgd av 395 m.o.h.

Det er eit smalt og langstrakt vatn, med eit areal på omlag 13 ha.

Stranda består for det meste av stein og fjell, men og noko fin sandstrand innimellom.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men ein må anta at der neppe nokon stad er over ca. 15 m.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras dominerar stort i vatnet, men ein vil og finna brasmegras, flotgras, nøkkeroser m. fl.

Nedslagsfeltet femner om skogsmark, fjell og noko myr. Her veks spredt småbjørk, røslong, rome, krekling, einer m.v.

Hovudtilsiget fell inn i nord-vest og bortsett frå dette fell der inn mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn normalt ut i den sør-vestre delen, til Bjøllands-tjerna, men under store flaumar dannar det seg og eit utlaup i den nord-austre delen av vatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 7.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul, som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.6 som er relativt bra for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 0.8 mg/l og den totale hardheita 2.5 mg/l. Vatnet må etter dette karakteriserast som kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna $K_{18} = 26.3 \times 10^{-1} \text{ohm}^{-1} \text{cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er normalt ikkje særleg stor.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 6 fjæmygglarver og 2 vårflugelarver - tilsaman 80 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 1 vannkalvlarve eller 10 individ pr. m².

På 10.0 m vart det funne 10 fjærmygglarver utilsvarande 100 individ pr. m².

Samla resultat syner heller lite med botndyr, og noko anna kunne ein heller ikkje venta når ein tenkjer på det store fiskebestandet som beitar her.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok ein mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne vårflugelarver, vannkalvlarver, bladlus, fjærmyggpupper og larver og snylteveps. Ein ganske allsidig meny.


Planktonprøver.

Det vart teke både horisontale og vertikale planktontrekk, med planktonhov, og ein kom til fylgjande resultat:


Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Der vart sett út 7 garn av ymse maskestørleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 28 aurar. Fordeler ein fangsten på omfara får ein denne grafiske framsyninga.



Fordeler ein fangsten på cm-klassar vil den grafiske framsyninga sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle dei fanga fiskane og av desse var 13 lys-røde - resten kvite i kjøttet.

Der var 22 hanfiskar og 6 hofiskar, ei noko skeiv kjønnsfordeling, som sikkert ikkje betyr så mykje.

4 fiskar var angripne av parasittar.


Ser vi på meddellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

| | Alder ved vinter | | | | | |
|---------------------------|------------------|------|------|------|------|------|
| | 1år | 2år | 3år | 4år | 5år | 6år |
| Medellengd i cm | 4.6 | 10.0 | 15.3 | 18.8 | 20.9 | 24.6 |
| Årleg lengdetilvekst i cm | 4.6 | 5.4 | 5.3 | 3.5 | 2.1 | 3.7 |
| Antall fiskar | 28 | 28 | 28 | 26 | 14 | 2 |

Medel kondisjonsfaktor = 1.0 tilseier fisk av god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Gåsavatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år).

Som vi her vil sjå, har fisken i Gåsavatnet ein normal lengdetilvekst til 3-års alder, men her blir normalkurven kryssa.



Det oppsvinget som kurven gjer ved 5-års alder skullast berre 1 fisk, så den forlenga lina frå 4-års alder er sikkert meir representativ for fisken i Gåsavatnet.

Den knekken som kurven gjer ved 3-års alder må ein anta skuldast kjønnsmogning og gyting, som stort sett etter fiskeskjemaet inntreer ved denne alder.

Fisken går mot ei maksimumlengd på ca 25 cm, men det er berre få fiskar som vil nå opp i denne storleiken.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilheva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon i Gåsavatnet og vidare at vatnet er noko overbefolka i dag.

Botnprøvene våre gav eit heller magert resultat og omfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, fortel at det er småfisken som fullt ut dominerar vatnet og dei større fiskane er mangelvare.

Kondisjonsfaktoren er ganske god, og det kjem av at det stort sett berre var småfisk som vart fanga, og denne har som regel alltid høgare K- faktor enn den større fisken.

Vekstkurven er normal dei 3 første åra, men om tilheva var gode i vatnet skulle ikkje normalkurven blitt kryssa før ved 5-6 års alder og det ville ha gitt ein heilt annan fiskestorleik og kvalitet.

Som kjent er ved nedslagsfeltet som er avgjerande for nærings-tilgangen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn. Består dette t.d. av dyrka mark, kulturbeiter o.l. vil tilsiga herfrå alltid føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette gir seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og skaper gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Gåsavatnet må seiast å vera lite og det er nok også i minste laget med mineral - og næringsstoff som gjennom tilsiga blir tilført vatnet. Vatnet får såleis ein noko svak "bufferemne" og vil nok bli noko påverka av den sure nedbøren, men ennå er der ingen fåre for Gåsavatnet i så måte.

Gytetilheva er særst gode der hovudtilsaget fell inn og ein må anta det er i denne bekken rekrutteringa for vatnet foregår.

Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Då fiskebestandet i dag er i overkant av vatnet sin bæreemne, må ein gripa inn med regulerande tiltak.

Den mest effektive måten å redusera fiskebestandet på, er å fanga gytefisken om hausten. Ein vil då få bort ein stor del av gytefisken og vidare den årgangen med yngel og småfisk som ville ha kome frå denne.

Demm opp hovudtilsaget på begge sider nokre meter opp frå vatnet, slik at heile bekken blir samla inn i eit laup på ca. 1/2 m x 1/2 m. Montør ei ruse på øvre sida og slik at åpningen (kalven) peikar ned mot vatnet. Rusa må dekke heile laupet (1/2 x 1/2 m).

All gytefisk vil nå bli nødt for å gå inn i rusa som då må tømast ein eller to gonger i veka.

Kor mykje fisk ein kan ta ut er det vanskeleg å seia, men ein må ikkje gjera for mykje av dette. Det må jo vera i alle si interesse å få fisk på stang og oter m.v., og det vil strakst bli verre ved kraftig reduksjon av bestandet. La oss foreslå at der blir tatt ut ca. 200 fisk første året og noko mindre i dei næraste åra framover. Ein

skulle då allereie etter eit par år merka forskjell på den fisken som er att.

I det heile er Gåsavatnet eit sars greit og oversiktleg vatn. Nøkkelen til vatnet ligg i gytebekken, så herfrå kan ein regulere bestandet og føre dette på det nivå ein sjølv ynskjer.

Ved å starte eit grunneigarlag , skulle grunneigarane kunna få litt økonomisk utbytte av vatnet, og underskrivne vil vera hjelpesam med dette så langt råd er.

Tiltak utover det som her er nemnt skulle ikkje vera naudsynte.

Stavanger 12/1 1972

Einar Berg